

Hareid kommune, Ulstein kommune, Herøy kommune, Sande kommune,
Vanylven kommune



FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påverkar natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre friluftsråd, fylkets tre turistforeiningar, fylkets 4 speidargrupper og Møre og Romsdal 4H tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonane mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.

Molde, 6 sept. 2023

Interkommunal sjøarealplan for ytre søre Sunnmøre 2024-2036 - uttale

Vi viser til offentlig høyring av Interkommunal sjøarealplan for Ytre Søre Sunnmøre (kommunane Hareid, Ulstein, Herøy, Sande og Vanylven) med høyringsfrist 8 sept. i år.

Forum for Natur og Friluftsliv synes det er viktig å syte for at den interkommunale sjøarealplan for Ytre Søre Sunnmøre er basert på naturkunnskap og tek inn over seg verdiane i den marine naturen og vurderer vern av denne. Vidare ønskjer vi at sjøsoneplana blir satt i samanheng med elvene på sunnmøre der dei ville fiskebestandane slit for tida, og ikkje tillet nye oppdrettslokalitetar i vandringsruta til laks og aure.


Innleiingsvis vil vi seie at denne sjøsoneplana som no er til høyring for andre gong vidarefører mykje av dei tidlegare sjøsoneplanane. Den verkar å vere framsatt for å gjere klart for meir oppdrettsnæring og verkar ikkje å køyre ei fagleg og objektiv line som viser alle samfunnsinteressene i og ved sjø. Naturmangfald og friluftsliv er nærmast fråverande i utgreinga og avveginga av interessene i sjø – det verkar ikkje som plana har teke inn over seg nyvunne kunnskap og eksisterande databasar om sjønatur.

Vår sjøskogar

Ikkje sia den siste store masseutryddinga for 70 millioner år siden har artane på kloden forsvunnet med like høg hastighet som i dag. Den gangen smalt ein asteroide ned på planeten og gjorde det uleveleg for mykje av dyre- og plantelivet. I dag er det menneskeleg aktivitet som gjør det vanskeleg for planter og dyr, og tap av leveområde er den største trusselen mot artsmangfaldet


Mange viktige leveområder for dyrelivet i havet er i ferd med å gå tapt. Per i dag finns ingen fullstendig oversikt korkje over kva marine leveområder som finns, kva leveområde som er trua av øydelegging eller korleis leveområda kan reparerast.

Vi liker overordna planar og opne demokratiske prosessar slik at dei tiltaka som er ønska og som tåles i norsk natur blir rett plassert. Dette forutsett at planleggarene (her kommunane) innhentar tilgjengeleg data i alle vesentlege tema og vurderer kva ein manglar informasjon om før ein går vidare å tek ei beslutning. Når det gjeld naturtypar som fins i dei fem berørte kommunane her på ytre søre sunnmøre er det gjort noko på land (sjå kart under), men i sjø finn vi lite/ingenting. Det som er lagt ved i saksframstillinga er database over gytefelt og fiskestader med dei ulike reidskapa frå Fiskeridirektoratet. Vi saknar at kommunane her ved si sjøsonplan gjer ein vurdering og kartlegg sårbar natur også i sjø det vere seg hummar, tareskog, korallar etc. Dette er jo også i tråd med kva Fiskeridirektoratet har signalisert nyleg (sjå <https://www.fiskeridir.no/Akvakultur/Nyheter/2022/vil-ha-bedre-kartlegging-av-sarbar-natur>). Kva om at det blir avsatt kommunale midlar (samt omsøkt andre offentleg midlar) til å kartleggje i sjø i desse fem kommunane som på land ?



Kart – Naturtypekartlegging på ytre søre sunnmøre (frå Gislink)

Forskarar i NIVA kaller kysten av Sør-Norge og vår del av kysten «lurveland». I webseminar 24 aug 2023 er det vist til tap av sukkertare grunna lurv på vestlandet på 6, 5 mill tonn (sjå <https://www.youtube.com/watch?v=TJN27J2jCaA>).



Naturbasert sone: Restaurering og naturbaserte løsninger langs kysten

Tareskogen minkar og kråkebollane lager sin ørken og reduserer det biologiske mangfaldet. Det blir mellom anna utalt frå dei marine forskarar at fredning av steinbit kan vere eit tiltak for å hjelpe våre undersjøiske skogar og livet som lever der. Det vi veit med sikkerheit er at taretråling er eit stort inngrep i naturen. Mengden og hyppigheita av trålinga er vesentleg om dette skal vere berekraftig – dette krev ein uavhengig tilsynsmyndigheit og ei gjennomsiiktig hausting som har tillit i kystbefolkninga. Tap av tareskog er tap av den viktigaste marine naturtypen. Ei sjøsoneplan må ta inn over seg ei forvaltningsplan for tareskogane som blir hausta. Samstundes meiner vi at tida er overmoda til å sette dette i samanheng med vannforvaltningsplanane i fylket vårt.

Marint vern

Like før jul i fjor, i Montreal i Canada, skreiv klima- og miljøminister Espen Barth Eide under ein historisk naturvernavtale på vegne av nasjonen Norge. Norge ønskjer saman med 192 andre land å verne minst 30 prosent av det samla hav- og landarealet innan 2030.

NRK foretok i dette høvet ei innhenting tal for det totale arealet verna til samtlege kommunar i landet; inkludert kommunenes areal for land, sjø, øyer, is og bre. Dette er så målt opp mot kommunanes verna områder. Bare syv år før Montreal-målet er talas tale klar: Norske kommuner verner gjennomsnittleg berre 11 prosent av sitt totalareal. Når det gjeld kommunane Hareid, Ulstein, Herøy, Sande og Vanylven har dei verna respektiv 2,67 %, 3,73 %, 0,65 %, 1,54 % og 0,19 % pr 2022 (Jfr SBB). Dette tyder vel på at det nett i desse fem kommunane er det eit stort potensiale for å ta betre vare på natur.

Vern av natur

Å verne natur betyr å bevare natur eller naturressurser mot menneskelige inngrep, gjennom naturmangfoldloven, for slik å sikre artene som lever der og leveområdene deres for framtida.

I Norge finnes fem vernekategorier med varierende grad av vern: naturreservat, landskapsvernområde, nasjonalpark, biotopvernområde/annet vern og marine verneområder.

Verdens ville natur er under kraftig press fra arealer mennesker bruker særlig til landbruk, infrastruktur, byer og boliger.

Om lag 23 prosent av jordas landareal er kategorisert som villmark, og andelen er synkende.

Det er anslått at jordas dyrebestander på 50 år kan ha blitt redusert med mellom 50 og 69 prosent, men tallet er omdiskutert, selv om forskerne er enige i at bestandene stuper. Om lag 4 prosent av verdens dyrepopulasjoner er ville dyr, og en million arter står i fare for å dø ut.

Forskere ser tapet av den ville naturen i sammenheng med mindre tilgang på mat, medisiner, økt fare for ekstremvær, mindre økosystemtjenester, mindre tilgang på rent vann, boområder, ren luft og dårligere levevilkår for mennesker.

At andelen ville dyr, insekter, planter og uberørt natur er i så dramatisk nedgang, er bakgrunnen for at Norges regjering sammen med 192 av de andre landene i verden forhandlet frem en global naturavtale i Canada i fjor.

«Arealbruk, overhøsting, klimaendringer, forurensing, avskoging og fremmede arter gjør at vi ødelegger natur i et tempo og omfang som truer livsgrunnlaget til mennesker.» Dette er begrunnelsen regjeringen selv la til grunn for å stille seg bak naturavtalen som ble signert i Montreal i desember 2022.

Naturavtalen er ikke juridisk bindende, men den er ambisiøs og Norge har signert avtalen som en av de såkalte «høyambisjonskoalisjonene» som skal arbeide for å oppnå det globale målet om minst 30 prosent vern av hav og land innen 2030.

Det er et uttalt mål at avtalen skal bidra til reell bevaring. Derfor skal bevaringen være såkalt representativ, altså at den vernede naturen inkluderer alle de forskjellige naturtypene man har til lands og til sjøs, for eksempel myrområder, fjellområder, lavlandsområder eller kystområder.

Norge har lang tradisjon for nasjonalparker, og har totalt 40 nasjonalparker på fastlandet. I tillegg er over halvparten av Svalbards areal vernet gjennom syv nasjonalparker og 22 natur- eller fuglereservater.

Det er lite vernet areal til sjøs, og Norge har fire marine nasjonalparker – Ytre Hvaler, Færder, Jomfruland og Raet. Disse utgjør til sammen 3,6 prosent av de totale havområdene. Da Norges kystlinje er verdens nest lengste og havarealet er seks ganger så stort som landarealet, er det altså stort potensial for mer marint vern.

Formelt vedtar regjeringen de nasjonale verneområdene på bakgrunn av anmodning fra Miljødirektoratet, men kommuner og lokaldemokrati har stor påvirkning på å ta initiativ til, begrense eller gi ulike disposisjonsordninger til alle de ulike vernetyperne.

Kilder: Store norske leksikon, regjeringen.no

På mørekysten har vi ennå forholdsvis gode fiskebestandar, men også her ser vi tendenser til at bestandane i fjordane minker. Overvåkinga/forskinga er ofte styrt mot dei fiskeartane som er langtrekkande og lever i ope hav medan oppfølginga av dei stasjonære fjord- og kystbestandane er minimal, og vi har lite kunnskap om historia, genetikken, økologien og tilstanden til desse bestandane. Erfaringar frå andre steder i verda har vist at fiskebestandar kan kollapse i løpet av få år og økosystema vippe over til andre stabile tilstander dersom fiskebestandane eller økosystema blir overbelasta. Då kan det vere for seint å verne områda.

Slik vi les dette er tida no moden for at også kommunane på ytre søre sunnmøre ser sitt ansvar i form av at dei innehar verdifulle marine naturområder og syter for at det blir arbeid for å etablere marine verneområder nett her. Vi trur at med vårt nasjonale mål om 30 % vern er det tida no for å implementere desse måla inn i denne interkommunale sjøsoneplana for ytre søre sunnmøre.

Villfisk i elvane

I Konsekvensutgreiing (KU) og risiko-og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) Interkommunal kystsoneplan for ytre søre Sunnmøre 2024-2036 er dei ulike forslaga til nye lokalitetar for akvakultur teke fram og vurdert kvar for seg. For til dømes lokalitet AKV101 og AFFFF101 i Hareid kommune i Breisundet er knytt til parameteret «*Vill anadrom laksefisk, laks og aure. Lus og rømming*» konkludert med «*Mogleg*» (konsekvens). Dette vurderinga av konsekvensane til «*Mogleg*» verkar for oss feil då vi meiner at nyvunne kunnskap viser at det får negative konsekvensar for natur . Å leggje nye oppdrettsanlegg i vandringsruta til laks- og sjøaure for dei mange elvene i regionen nett her i Breisundet vil få konsekvensar – dette er vel den verste staden å plassere eit anlegg sett frå desse artane. Pågåande studier nett her i elvene på sunnmøre viser at desse populasjonane i denne regionen har store utfordringar med å overleve. I prosjekt «*Mer laks og sjøørret på Sunnmøre*» (sjå <https://www.norceresearch.no/prosjekter/mer-laks-og-sjoorret-pa-sunnmore>) er utfordringane skissert på følgjande måte;

«Fjordsystemet på Sunnmøre, fra Geiranger og Tafjord innerst, til Ulstein, Herøy og Sande ytterst i havgapet, har mange små og store vassdrag med bestander av laks og sjøørret. Dette gjør regionen til et viktig område for atlantisk laks, med lange tradisjoner for høsting og sportsfiske.

Det fanges årlig flere tusen laks i elvene på Sunnmøre, men fangstene har variert mye, fra drøyt 10.000 i år 2000, til knappe 3000 i 2019, og fangstene har lenge vært betydelig lavere enn på 1970- og 80-tallet. Mange elver er nå stengt for fiske, fordi det har vært små gytebestander av laks de siste høstene. Enkelte laksebestander er sterkt truet, og legges nå i genbank for å bevare genmaterialet inntil det er grunnlag for reetablering. Samtidig er det fortsatt godt laksefiske i elver som Korsbrekkelva, Strandaelva, Aureelva og Åheimselva.

*Det er ikke åpenbart hva som har forårsaket den negative bestandsutviklingen for laks i mange av elvene på Sunnmøre. Ved undersøkelser i enkelt-vassdrag er faktorer som lakselus, predasjon fra oter, skadeflom, fysiske inngrep i elver og overbeskatning påpekt som sannsynlige årsaker, og hvilken faktor som har størst påvirkning varierer sannsynligvis mellom vassdrag. Innskrenkinger i fiske i elv og fjord har så langt vært det viktigste forvaltningsgrepet for å beskytte sårbare bestander i regionen. Det er imidlertid i liten grad gjort tiltak for å bøte på andre sannsynlige negative påvirkningsfaktorer for bestandene. **Det er derfor behov for en regional problemkartlegging, der det tas hensyn til forhold som varierer mellom vassdrag.***

Sjørret-fangstene på Sunnmøre har blitt drastisk redusert siden 1990-tallet, og i dag er sjørreten fredet i de fleste vassdragene i regionen. I enkelte elver tyder fangstreduksjon og gytefisktellinger på at bestandene er redusert med så mye som 90 %, men noen få vassdrag har fortsatt ganske tallrike bestander. Som for laks er det ikke åpenbart hva som er årsaken til at sjørret-bestandene i mange vassdrag er desimert, mens det fortsatt er bra med sjørret i enkelte elver. Uten mer presis kunnskap om årsakene til bestandsnedgangen, er det krevende å iverksette effektive tiltak for å styrke bestandene.»

Slik vi ser det har det liten betydning kva kommune ein legg ein oppdrettslokalitet i, det som betyr noko knytt til eks lusepåslag er kor vandringa av villfisken går. Med andre ord vil ein interkommunal plan vere ei god løysing for å løyse denne regionale problemkartlegginga **om den berre har i seg denne utfordringa.**

Knytt til parametra «Næringsutvikling» og «Kommuneøkonomi» står det i plana at konsekvens er respektiv «Ringverknadar» og «Utbetaling av havbruksfondet ved oppdrett av laks, aure og regnbogeaure.». Denne direkte koblinga mellom næring og kommuneøkonomi er ikkje bra i den forstand at kommunane blir inhabile i si arealplanlegging i sjø på den måten. Vidare står det ingenting om verknadene på økonomien til eks elvefiskeria ved fleire oppdrettsanlegg (og meir oppdrettsfisk) i sjø. Er det nokon som framleis trur at fleire oppdrettslaks fører til fleire ville lakser i elvene – vi saknar ei vurdering av konsekvensane på villfisken i elvane ved å etablere fleire oppdrettsanlegg i sjø.

Helsing

Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal

Ingbjørn Bredeli

Fylkeskoordinator
FNF Møre og Romsdal

Kopi: Møre og Romsdal fylkeskommune, Statsforvalteren i Møre og Romsdal